



Lindås kommune

v/ Siril Therese Sylta

5914 Isdalstø

Nappane 14.sept 2018

## **Gjeld brev datert 10.07.2018 –Forhåndsvarsel om pålegg om opphør av bruk og ilegging av tvangsmulkt-gbnr 129/6 Titland søndre.**

Det er sjølv sagt med sorg Rusomsorg Vest, Nappane, melder at verksemda vår som Omsorg og rehabiliteringssenter for rusmisbrukarar vert lagt ned

Det har vore ein lang og til dels vanskeleg prosess mellom Rusomsorg Vest, Nappane, Lindås kommune og naboane på Nappane. Brev, telefonar og samtalar gjennom fleire år har tatt mykje energi, og delvis på kostnad av vårt ynskje om å hjelpe menneske i sårbare livssituasjonar.

På bakgrunn av all uroa som har vore rundt institusjonen, har Rusomsorg Vest, Nappane, over tid trappa ned verksemda, både når det gjeld arbeidarar og inntak av nye klientar. I oktober 2017 vart tre lønna arbeidarar permitterte, og to arbeidarar gjekk frå lønna til frivillig arbeidarar ved institusjonen.

Frå august og fram til no har dagleg leiar og 3 frivillige arbeidarar jobba i Rusomsorg Vest, Nappane. Klientane har vore få, 4 stk, der ein av desse sjølv kallar opphaldet sitt for ettervern. Han har budd utanfor institusjonen og vore rusfri lenge, men opplever at han treng fellesskap og trygge rammer rundt seg. Våre 4 klientar har i sommar og fram til no budd både på Nappane og på vårt senter i Tafjord.

Styret i Rusomsorg Vest, Nappane, ynskjer at bygningane og plassen skal driftast som ei verksemd i kristen regi, som til dømes møteverksemd, bibelveker/-helg, retreat, osv. Kristen verksemd som her skissert, vil vera i tråd med bruken og tradisjonane for plassen i tidligare tider. Rusomsorg Vest, Nappane, ynskjer òg i tida framover å rusta opp og vedlikehalde bygningane. Det vil derfor vera aktivitet og arbeid i og rundt bygningane fram til Nyttår, dette til orientering.

Med venleg helsing

Rusomsorg Vest

Steinar Valdersnes

Dagleg leiar tlf. 90777616

